

Årsmøtet i Hordaland Bonde- og Småbrukarlag og Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag 13.mars vedtok tre uttalar:

1. Ang. Framlegg til endring i kvoteregelverket
2. Ang. Mattilsynet si handsaming av mobile slakteri
3. Ang. Nortura sitt framlegg om billigare kraftfor

Sjå vedlagte uttalar.

Hordaland Bonde- og Småbrukarlag.



## HORDALAND BONDE- OG SMÅBRUKARLAG SOGN OG FJORDANE BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

### UTTALE FRÅ ÅRSMØTE 2011.

#### **PRIVAT OMSETJING AV MJØLKEKVOTAR BØR AVVIKLAST.**

Mjølkeprodusentane slit med dårleg lønsemd. Til tross for ei sterk strukturrasjonalisering over lang tid, er økonomien likevel så dårleg at det ikkje er rom for fornying av driftsapparatet og samstundes ha ei inntekt å leve av.

Det kanskje sterkaste verkemiddelet for denne utviklinga er omsetjingsordninga for mjølkekvotar. Ei nødvendig ordning med produksjonskvotar for å regulere mjølkeproduksjonen slik at ein kan ha best mogleg marknadsbalanse, har trinnvis utvikla seg til noko heilt anna.

Gjennom fleire endringar, først med opning for privat omsetjing og marknadsstyrt prising, seinare med kvoteleige, har påført mjølkeprodusentane store og unødvendige kostnader.

No skal tommeskruen trekkjast til endå eit hakk, dersom byråkratane i LMD / SLF får det som dei vil.

I forslaget til endring som no er ute på høyring vil mindre samdrifter, med under 400 ton kvote, bli dei store taparane. Dei skal no handsamast som enkeltbruk. Underforstått, ein normalstorleik for enkeltbruk er opp til 400 ton kvote. Korleis dette vil slå ut, ikkje minst på Vestlandet kan alle tenkje seg, når endringa vil føre til inntektstap opp mot 100 000 kr årleg for dei som vert hardest råka.

Vidare skal sovande kvotar kunne omsetjast utan at produksjonen først vert teken oppatt. Dette vil på kort sikt føre til overproduksjon, ikkje minst på geitmjølk. Reguleringskostnadane er det mjølkeprodusentane som må betale.

Det ligg og inne i forslaget ei dramatisk liberalisering av regelverket for leige / utleige av kvotar. Mjølkekvotar vert eit reint spekulasjonsobjekt der ein både kan leige, leige ut og drive framleige. Taparen oppe i dette spelet, vert dei som framleis ønskjer å produsere mjølk. Dei vil få auka kostnader, ende opp som leiglendingar på både kvote og areal, med reduserte moglegheiter til langsiktig planlegging.

**Framlegget til endring i kvotereguleringa må avvisast.**

**Dersom dette ikkje let seg gjennomføre i denne omgang, må det i alle høve setjast stoppar for forslaget om endringar for samdrifter med kvote under 400 tonn. Det same må skje med forslaget om oppvekking av sovande kvotar, fjerning av avstandskrav i samdrifter og fri bindingstid på kvoteleige. Privat omsetjing av mjølkekvotar må avviklast.**

I ”festtalar” vert det frå dei fleste politiske partia uttrykt stor velvilje for distriktsjordbruket. Her kan dei vise denne velviljen i praksis, ved å fjerne ei ordning som påfører næringa unødvendige kostnader og dermed betre vilkåra for dei som ønskjer å halde fram som mjølkeprodusentar.

Oppheim 13.mars 2011.

**Adresse**

Åse-Marie Reisæter  
5776 Nå

**Telefon**

53662391  
48021004

**E-post**

[hordaland@smabrukarlaget.no](mailto:hordaland@smabrukarlaget.no)

**Hjemmeside:** [www.smabrukarlaget.no](http://www.smabrukarlaget.no)



# **HORDALAND BONDE- OG SMÅBRUKARLAG SOGN OG FJORDANE BONDE- OG SMÅBRUKARLAG**

## **UTTALE FRÅ ÅRSMØTE 2011.**

### **MATTILSYNET SI HANDSAMING AV MOBILE SLAKTERI OG ”STRILALAM”**

Med utgangspunkt i artikkelen i Bergens Tidende lørdag 12.febr.2011, der Mattilsynet nektar å godkjenna det nye toalettet hos ”Strilalam” på Sotra, med det resultat at 50 sauer måtte sendast til Ølen for slakting, ynskjer fylkesårsmøtet i Hordaland Bonde- og Småbrukarlag og Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag å koma med følgjande uttale:

Bøndene har respekt for at slakting og handsaming av råvarer vert gjort på hygienisk og forsvarleg måte. Vi kan likevel ikkje akseptera at småbedrifter med små økonomiske ressursar, vert skadelidande grunna Mattilsynet si lange saksbehandlingstid og rigide regelverk.

Me saknar eit Mattilsyn som er langt meir løysingsorientert.

Bøndene prøver å retta seg etter eit stadig aukande krav til forsvarleg matproduksjon.

Grensa er likevel nådd når det gjeld kva me kan godta av slett behandling og mangel på vilje til å godkjenna det mobile slakteriet og samarbeidet deira med ”Strilalam”.

Oppheim 13.mars 2011.

**Adresse**

Åse-Marie Reisæter  
5776 Nå

**Telefon**

53662391  
48021004

**E-post**

[hordaland@smabrukarlaget.no](mailto:hordaland@smabrukarlaget.no)

**Hjemmeside:** [www.smabrukarlaget.no](http://www.smabrukarlaget.no)



# HORDALAND BONDE- OG SMÅBRUKARLAG SOGN OG FJORDANE BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

## UTTALE FRÅ ÅRSMØTE 2011.

### NORTURASTYRET SITT FORRÆDERI

Styret i Nortura har sendt inn krav om redusert kraftforpris til Landbruks- og matdepartementet ( LMD ) sitt arbeid med ny Stortingsmelding og landbruks- og matpolitikken. Stortingsmeldinga skal leggjast fram for Stortinget i mai eller juni i år.

Dette er eit svik frå Norturastyret si side overfor eit stort fleirtal av medlemmene som produserer mørkt kjøt på gras og beite. Dette fordi lågare kraftforpris gjer det mindre lønnsomt å dyrke gras og å bruke beiteressursane. Redusert kraftforpris er vidare eit forræderi fordi ein reduksjon er konkurransevridande til fordel for produksjon av lyst kjøt på kylling og gris. Kylling og gris brukar meir kraftfôr totalt i produksjonen enn storfe, sau og geit. Innspelet om redusert kraftforpris er eit forræderi mot fleirtalet av medlemmene fordi det splittar jordbruket i arbeidet med å påverke den nye Stortingsmeldinga.

Styret i Nortura har gått på tvers av dei langsiktige interessene til eit stort fleirtal av medlemmene, utan handsaming av temaet på grunnplanet i samvirkeorganisasjonen. Det er eit brot på samvirkeprinsippet om medlemsdemokrati. Diskusjonen i jordbruket handlar om kva ressursar norsk mat skal produserast av. Meir kraftfor eller norske ressursar som bonden eig eller har rettar til. Auka bruk av kraftfôr vil med dagens landbrukspolitikk bety meir import av kraftfôrstoff fordi kornarealet går ned, fordi avlingsmengda pr. dekar står i ro, fordi jordvernet er for svakt og fordi det er for dyrt å dyrke opp skogsmark og myr utan nydyrkingstilskot. Auka kraftfôrstoffimport vil på sikt svekke importvernet, fordi argumenta om sjølvberging og arbeidsplasser i Noreg vert redusert.

Felles samling av Hordaland og Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag tek avstand ifrå Norturastyret sitt krav om redusert kraftfôrpris. Vi ber LMD, landbruksministeren og den raudgrøne Regjeringa om å legge vekt på det som tener interessene til dei grovforbaserte produksjonane, og som gjev best utnytting av nasjonale ressursar. Dette vil redusere presset på verdensmarknaden for kraftfôrstoff som også i stor grad kan nyttast til menneskemat. **Vi kan ikkje i vårt overflodssamfunn gløyme at meir enn ein milliard menneskje ikkje får dekka sitt daglege kaloribehov, og at dette talet er stigande**

Oppheim 13.mars 2011.

**Adresse**  
Åse-Marie Reisæter  
5776 Nå

**Telefon**  
53662391  
48021004

**E-post**  
hordaland@smabrukarlaget.no  
**Hjemmeside:** www.smabrukarlaget.no